



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Thor-Henrik Fredriksen
Vår: 20/202 - 22/44387

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.06.2022

Løyve til endring av godkjend tiltak - - gbnr 137/163 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 657/22
Tiltakshavar: Romarheim AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 19.07.2019 i sak 19/1900 vert godkjent. Endringa medfører at etablering av del av fortau o_FT4 frå pr. 125 - 155 og SKV6 utgår slik det går fram av teikning nr. B01 rev. B datert 15.03.2022.

Vedtaket er fatta med plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til etablering av infrastruktur gitt i vedtak datert 19.07.2019 i sak 19/1900. Som følgje av at det ikkje er oppnådd avtale med grunneigar på gbnr 137/145 om bygging av regulert fortau o_FT4 og veg SKV6 utgår fortau o_FT4 pr. 125 – 155 og heile SKV6 frå tiltaket.


Dagens veg fram til gbnr 137/445 vert oppretthalden over gbnr 137/325. Mjuka trafikantar vil vera sikra kontinuerleg trase med fortau frå fylkesveg 565 Alverflaten langs etablert fortau o_FT1 og inn til Alver næringsområde. Det er etablert nedsenka fortauskant som kryssingspunkt i Alvervegen, søraust for vegkryss inn til næringsområdet. Det er vidare utført masseutskifting langs veg o_KV1 i regulert trase for fortau o_FT4 slik at framtidig etablering av fortau enkelt vil kunne etablerast.

Det vert elles vist til søknad mottatt journalført mottatt 17.03.2022.


Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.03.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Situasjonsplan med endring



Situasjonsplan godkjend tiltak



Planstatus

Tiltaket ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Breimyra, planid 1263-201207, er avsett til fortau o_FT4, og i reguleringsplanen for Alver næringsområde er avsett til veg SKV6.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Endringa er ikkje nabovarsla.

Plassering

Endringa går fram av teikning nr. B01 rev. B datert 15.03.2022.

VURDERING

Endringa av tiltaket vert godkjend slik det går fram av søknaden.

Det er knytt rekkefølgekrav til etablering av SKV6 i reguleringsplanen for Alver næringsområde, jf. føresegn 2.3.2 og 2.3.4. Rekkefølgekravet vil ikkje råka godkjende tiltak i området og må realiserast ved seinare utbygging av næringsområdet slik det går fram av føresegna til planen.

Nabovarsel

Det vert gjeve fritak for nabovarsling av endringa. Det vert vurdert at naboar sine interesser ikkje vert råka av endringa.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Krav til avfallsplan følgjer av TEK § 9-6.

- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/202

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

18059-B01B

Mottakarar:

Haugen VVA AS
Romarheim AS

Kanalveien 5 5068
Alvervegen 25 5911

BERGEN
ALVERSUND